



Utval: Nærings- og utviklingsutvalet
Møtestad: Formannskapssalen, Sykkylven rådhus
Dato: 25.06.2018
Tid: 16:00 – 18:30

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Bjørn Idar Lyngvær	Leiar	V
Olav Harald Ulstein	Medlem	FRP
Petter Hole-Drabløs	Medlem	SP
Johanne Lade	Medlem	AP
Synnøve Ramstad	Medlem	H
Steinar Myrseth	Medlem	H
Gisle Aure	Medlem	AP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anita Kjersheim	Nestleiar	SP
Svein Tore Sjørgård	Medlem	FRP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ivar Johansen	Anita Kjersheim	AP
Magnar Gjerde	Svein Tore Sjørgård	FRP

Fra administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Odd Jostein Drotninghaug	Ordførar
Bjarte Hovland	Einingsleiar tekniske tenester
Mandy Häger	Landbrukssjef
Arild Sunde Rinnan	Arealplanleggjar
Øyvind Fet	Talsmann for barn og unge
Ingunn Hole Hunnes	Utvalssekretær
Trude Lillestøl	Utvalssekretær

Sakliste

Saksnr	Sakstittel	Lukka
PS 25/18	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 26/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte	
PS 27/18	Referatsaker	
RS 32/18	Trafikkvurdering for omlegging av sambandsveg mellom Fv60 og Kyrkjevegen i Sykkylven kommune	
RS 33/18	Orientering i utsett sak PS 22/18 frå møte i NU den 28.05.2018	
RS 34/18	Fjellsætra - orientering om asfaltdekke	
RS 35/18	Parkeringsareal Fausaskiftet	
RS 36/18	Kaitrappa	
PS 28/18	14/630 m.fl - Klage på eigengodkjenning Detaljregulering for Aure, rundkøyring ved småbåthamna	
PS 29/18	48/4 - Behandling av klage på vedtak om løyve til mellombels bruk av veg gjennom tun	
PS 30/18	36/7 - Søknad om frådeling av våningshus (Jostein Hole)	
PS 31/18	Kommunedelplan sentrum - Ikornnes - Prioritering av byggeområde	
PS 32/18	Avklaring - tilknytning privat avløpsanlegg	
PS 33/18	Investeringsbudsjett år 2018	
PS 34/18	Inspeksjon av bruer - 2018	

PS 25/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 25.06.2018

Behandlingsinformasjon:

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 26/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 25.06.2018

Behandlingsinformasjon:

Det var ingen merknad til protokollen frå møte den 28. mai 2018.

Vedtak:

Protokoll frå møte den 28 mai 2018 vart samrøystes godkjent.

PS 27/18 Referatsaker

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 25.06.2018

Behandlingsinformasjon:

- RS 32/18 Trafikkvurdering for omlegging av sambandsveg mellom Fv60 og Kyrkjevegen**
Uttale frå Sap Design vart i tillegg lagt på bordet
NU-leiar orienterte. Utvalet fekk kome med synspunkt. Oppsummert stiller NU seg per no positive til at det vert fremja eit planforslag der vegen vert fjerna.
- RS 33/18 Orientering i utsett sak PS 22/18 frå møte i NU den 28.05.2018**
Utvalet orienterte seg.
- RS 34/18 Fjellsætra – orientering om asfaltdekke**
Utvalet orienterte seg.
- RS 35/18 Parkeringsareal Fausaskiftet**
Einingsleiar tekniske tenester informerte. Dags Maskin AS har fått oppdraget med å lage grusa parkeringsplass på 2 mål som skal stå ferdig 15. oktober 2018.
- RS 36/18 Kaitrappa**
Bjørn Idar Lyngvær stilte spørsmål om søknadsplikt, ansvarsrettar og sikkerheit.
Rådmannen og leiar tekniske tenester informerte og svara på spørsmål.

PS 28/18 14/630 m.fl - Klage på eigengodkjenning Detaljregulering for Aure, rundkøyning ved småbåthamna

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 25.06.2018

Behandlingsinformasjon:

Samrøystes vedtak: som framlegget til rådmannen

Vedtak:

Nærings- og utviklingsutvalet imøtekjem ikkje klaga frå Brødrene Aursnes AS/Hjemmelkompaniet AS på eigengodkjenninga av *Detaljregulering for Aure, rundkøyning ved småbåthamna*. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerse.

PS 29/18 48/4 - Behandling av klage på vedtak om løyve til mellombels bruk av veg gjennom tun

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 25.06.2018

Behandlingsinformasjon:

Leiar for tekniske tenester orienterte.
NU sette fram forslag om utsetting av saka.

Samrøystes vedtak: som forslaget frå NU

Vedtak: Saka vert utsett.

PS 30/18 36/7 - Søknad om frådelling av våningshus (Jostein Hole)

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 25.06.2018

Behandlingsinformasjon:

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen.

Vedtak:

Vedtak etter jordlova:

Med heimel i jordlova § 12 gjev Sykkylven kommune løyve til å dele ifrå våningshus nummer 2 frå gnr. 36, bnr. 7. Ved avgjerda legg ein vekt på at ressursgrunnlaget på bruket er liten og at det ut ifrå eit driftsmessig perspektiv ikkje er behov for to våningshus på garden.

Vedtak etter plan- og bygningslova:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 gjev Sykkylven kommune dispensasjon frå pbl § 1-8 for å dele ifrå våningshus nummer 2 på gnr. 36 bnr. 7

PS 31/18 Kommunedelplan sentrum - Ikornnes - Prioritering av byggeområde

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 25.06.2018

Behandlingsinformasjon:

Arild Sunde Rinnan viste Power-point og svara på spørsmål.
Utvalet drøfta saka og Mandy Häger svara på spørsmål.

NU la fram slikt forslag til vedtak: NU ynskjer at alt framtidig bustadareal på Grebstad vert med i første offentlege ettersyn.

Samrøystes vedtak: som forslaget frå NU

Vedtak:

NU ynskjer at alt framtidig bustadareal på Grebstad vert med i første offentlege ettersyn.

PS 32/18 Avklaring - tilknytning privat avløpsanlegg

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 25.06.2018

Behandlingsinformasjon:

Einingsleiar tekniske tenester informerte.

Utvalet drøfta saka.

NU la fram forslag om å fjerne pkt. 3 i framlegg til vedtak.

Samrøystes vedtak: som framlegg til vedtak pkt. 1 og 2.
Pkt. 3 går ut.

Vedtak:

1. NU viser til at VA – planen låg/ligg til grunn for godkjenninga av den eksisterande reguleringsplanen for området.
NU finn det difor svært uheldig og urovekkande at hytteeigar her synest å verte nekta tilknytning.
2. NU vil sterkt anmode om ei semje om tilkopling. Om der ikkje vert ein snarleg løysing, vil NU måtte vurdere om utbygginga i område kan halde fram før der har kome ei nærare avklaring i forhold til tomtene/hyttene sine rettar til tilkopling.

PS 33/18 Investeringsbudsjett år 2018

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 25.06.2018

Behandlingsinformasjon:

Einingsleiar tekniske tenester informerte og svara på spørsmål. Der kom spørsmål om å auke løyvinga til Sørestrandvegen (asfaltering). Totalt behov for asfaltering Sørestrandvegen er berekna til 7,6 mill.

Å asfaltere heile Sørestrandvegen vil krevje ytterlegare 5,5 mill ut over dei 2,1 mill som pr. dato står til disposisjon (0,4 mill av 2,5 mill er brukt).

NU oppmodar FSK om å auke løyvinga til Sørestrandvegen, og mellombels finansiere dette via reduksjon av midlane til Storgata (ansv.nr 17004). Prosjekt 17004 er like vel senka pga. klagehandsaming. Prosjekt «Storgata til SE» vert føresettt restyrka i komande budsjett. NU la ut i frå dette fram forslag om slik endring:

Frå ansv.nr 17004 Storgata til SE kr. 5 500 000,- (kr 6 875 000 inkl. mva) til ansv.nr 18000 Sørestrandvegen.

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen med endring frå NU

NU rår Formannskapet til å gjere slikt vedtak:

Alle summar inkl. mva:

ANSV.NR	ANSVARNAMN	RDM FRAML	ENDR NU	NYTT BUDSJETT
12005	GREBSTADVEGEN	250 000		250 000
16006	FV60, GANG/SYKKELVEG HJELLEGJERDE-AURSNES	48 542		48 542
16007	FV60, RUNDKØYRING VED SMÅBÅTHAMNA	97 876		97 876
17004	STORGATA TIL SE	9 748 619	-6 875 000	2 873 619

17012	TYNESVEGEN	9 267 253		9 267 253
17013	TRAFIKKTRYGGING, AUTOVERN	365 191		365 191
17015	VEG MEIERIDALEN	4 806 633		4 806 633
18000	SØRESTRANDVEGEN	3 125 000	6 875 000	10 000 000
18001	SVINDSETVEGEN	3 125 000		3 125 000
18002	ASFALT KOMMUNALE VEGAR	1 250 000		1 250 000
18011	VEGAR	-32 084 114		0
	SUM UTGIFTER	0	0	32 084 114

Summane er bindande for einingane. Ser ein at ulik framdrift gjer det naudsynt å omfordele mellom prosjekta, skal søknad om budsjettendring sendast formannskapet i god tid før postane vert overskridne.

PS 34/18 Inspeksjon av bruer - 2018

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 25.06.2018

Behandlingsinformasjon:
Einingsleiar tekniske tenester orienterte.

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen.

NU rår Formannskapet til å gjere slikt vedtak:

NU tek rapporten til vitande. Løyvingar/tiltak vert i hovudsak å vurdere i komande budsjettprosessar. Men for Fet bru vert det alt for år 2018 tilrådd ein vidare spesialinspeksjon. Midlane skal prioriterast av alt løyvde driftsmidlar.